

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Planframlegg for Planendring for Heiane bustadfelt og reguleringsplan - Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09 - planid 2018001 - Offentleg ettersyn - Austrheim kommune

Vi viser til brev datert 22.05.2020 om høyring av planframlegg for Planendring for Heiane bustadfelt og reguleringsplan Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09. Føremålet med planendringa er å leggja til rette for ei god utvikling av bustadområdet Heiane med utviding med bustadområde B09 og vidareutvikling av småbåthamna i Finnsvågen. Føremålet er i samsvar med kommuneplanen der området er sett av til eksisterande og framtidig bustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga. For kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Planfagleg

Mjuka trafikantar

Til oppstart, i brev av 18.01.2019 kommenterte vi at planen må leggje til rette for god folkehelse og tryggleik for born og unge. Utbygging av fortau langs Sævrøyvegen og Blomhaugane vil gi eit samanhengande gang- og sykkelvegnett som gjer det enklare og tryggare for alle bebuarane i området å kome seg til viktige funksjonar utan å måtte nytte bilen. Dette er viktig fordi område som i stor grad legg til rette for at ein skal nytte privatbil skapar ulikskap mellom folk, til dømes ser ein gjerne at fridomen til dei unge utan sertifikat vert redusert ved at dei vert avhengige av vaksne for å kome seg rundt. Tilrettelegging for mjuka trafikantar er eit viktig folkehelseiltak, og kan vere med å auke trivsel og tilfeldige møte mellom menneske. Snarvegar mellom hus og sentrale vegar er viktig i eit bustadområde. Vi meiner dette er sikra gjennom føresegn 3.1.1 og illustrasjonar i plankart.

Ladeløysingar

Eit sentralt mål i klimaplanen for Hordaland er at: «*Hordaland skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet, stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, og unngår nedbygging av verdifulle areal*». Planområdet ligg sentralt til mellom anna daglegvarebutikk og idrettsplass, men ligg i overkant av 2 kilometer til grunnskule og vidaregåande, samt arbeidsplassar i Austrheim. Ein må difor vente at fleire av dei nye bebuarane vert avhengige av bil i kvardagen. Til oppstart kommenterte vi at det måtte vere krav om etablering av ladepunkt for elbil i området. Dette meiner vi ikkje er løyst i planen. Når det gjeld parkering ber vi dykk difor om å leggje til ei føresegn som set krav til ein minimum del parkeringsplassar som skal vere lagt til rette for lading av elbil.

I tillegg oppmodar vi om å sette krav om at parkeringsanlegget med elektrisk og teknisk anlegg skal vere utforma slik at ein på sikt med enkle middel kan leggje til rette for at inntil 100% av parkeringsplassane har infrastruktur for lading av elbil. Å gjere denne type tiltak i byggefasen er kostnadseffektivt samanlikna å gjere endringar seinare. Ei slik tilrettelegging vil både stette opp om ønska utvikling innan bilparken, samstundes som tilgjengeleg lading i aukande grad er ein faktor som hever attraktiviteten til bustadprosjekt.

Materialbruk

I Regional planstrategi for Vestland 2020-2023, som skal vedtakast i haust, vert FN sine berekraftmål lagt til grunn for utviklinga i fylket. Eit sentralt berekraftmål er å stoppe klimaendringane. Det er viktig at all ny utbygging bidreg til å nå dette målet. I klimaplan for Hordaland har ein følgande målsetjing: «*Utslepp av klimagassar frå byggsektoren i Hordaland skal reduserast ved konvertering til alternative fornybare energikjelder og klima- og miljøvenleg materialbruk*». Nybygging bidreg med ein vesentleg del av samla utslepp av klimagassar. Detaljreguleringsplanen for Heiane bustadfelt regulerer inn opp mot 30 nye bueiningar. Vi saknar at det er lagt inn føringar for materialbruk i reguleringsplanen og oppmodar om at ein legg inn ei føresegn på dette tema.

Til dømes: «*Nye bygg skal nytte dei materiala som gjev lågast klimagassutslepp sett i eit livsløpsperspektiv*».

Overvatn

Som følgje av klimaendringane må vi vente fleire episodar med stor nedbør på kort tid. Dette gjer at ein i alle nye byggeområde må ta spesielt omsyn til god handtering av overvatn. Eit prinsipp i all planlegging er at overvatn skal handterast på ein trygg måte og i hovudsak innanfor planområdet. Ein bør legge opp til ein treleddstrategi der:

- Små nedbørmengder bør kunne handterast ved infiltrasjon i grunnen
- Større mengder nedbør skal drygast og forsinkast
- Ekstreme mengder nedbør må handterast ved å sikre trygge flaumvegar

Vi legg til grunn at dette er eit prinsipp i VA rammeplanen som er rettleiande for vidare prosjektering og nye tiltak.

Vegfagleg

I 2019 hadde Statens vegvesen, som då hadde vegforvaltarrolla, dialog med Austrheim kommune om vegstandard på fylkesveg 568 Sævrøyvegen. I e-post til kommunen 25.11.2019 skreiv Vegvesenet:

«I følgje berekna ÅDT jf. vegkart.no så er ÅDT her 650. Framskriven ÅDT om 20 år er 1000. Vi vurderer det derfor slik at det ikkje er framtidretta å regulere einfeltsveg her. Vi meiner de må regulere for tofeltsveg. De kan til dømes velge den smalaste som tilsvarar Sa2 som har to køyrefelt på 2,75 m kvar, med skulder på kvar side på 0,25 m. I tillegg kan det etablerast fortau dersom farten er under 60 km/t.» Vegvesenet rårde til at dette vart utgreidd i planarbeidet.»

Etter 1. januar 2020 har fylkeskommunen overtatt vegforvaltarrolla, og vi gir uttale til planforslaget med vår nye rolle.

Heiane bustadfelt har tilkomst til to fylkesvegar og ligg nord for fylkesveg 568 Sævrøyvegen. Det er regulert gangtilkomst til fylkesveg 568 Sævrøyvegen og køyretilkomst til fylkesveg 565 Austrheimsvegen. Det er berre fylkesveg 568 som inngår i reguleringsplanen. Fylkesvegen er tatt med i planområdet fordi kommunen ynskja å sjå på samanhengen mellom bustadområdet og tilkomst til sjø på sørsida av fylkesvegen. Det er tidlegare regulert og bygd gang- og sykkelveg langs fylkesveg 565 Austrheimsvegen, mellom anna for å sikre skulevegen.

Gjennom internt vegnett er tilkomsten via kommunal veg Blomhaugane til fylkesveg 565 Austrheimsvegen i kryss som ligg nord for rundkøyvinga som er krysset mellom fylkesveg 568 og 565.




Merknader til planforslaget:

Det er positivt at det er regulert for tofeltsveg med fortau fordi ein då har areal til å bygge dette dersom det vert auka trafikk utover denne strekninga. Fylkeskommunen vil ikkje stille rekkefølgjekrav til opparbeiding av tofeltsveg til dette planarbeidet.

Fylkeskommunen som vegstyresmakt har merknader til konkrete løysingar i planen som vi ønskjer skal endrast før planen vert endeleg vedteke. Vi vel å ikkje ha motsegn til reguleringsplanen ettersom vi har god dialog med Austrheim kommune, og tru på at dette kan løysast utan.

Planforslaget har noko mangelfulle løysingar for trafikktryggleik, særleg knytt til busslommene. Vi har difor merknader til utforming av busslommer, kryssingspunkt og avkøyrslar. Og vi rår til at det

vert sett av eit større areal for midlertidig rigg og anleggsområde ved brua søraust i planområdet for å sikre at det er plass til å bygge det som er regulert.

<p>Nord i planområdet</p> 	<p>Avkøyrsløse og busslomme</p> <p>Her må det leggast inn større avstand mellom busslomma og avkøyrsløsepunktet.</p> <p>Det er uheldig å legge G3 Blågrønnstruktur på eit planformål i ei avkøyrsløse. Det legg sterke band på arealbruken, og er lite fleksibelt dersom ein ser at utforming må gjerast noko annleis enn plankartet viser.</p>
<p>Midt på vegstrekninga langs fv 568</p> 	<p>Busslomme, kryssingspunkt og avkøyrsløse</p> <p>Busslommene må leggast med større avstand slik at det er plass til ein oversiktleg og trygg kryssing av vegen for mjuke trafikantar.</p> <p>Avkøyrsløse til fritidseigedomen gnr 156 bnr 104 er stengt i plankartet. Det er viktig at det vert følgt opp i praksis. Utforminga er svært uheldig fordi den kjem ned på skrå inn i ei busslomme. Vi rår til at det vert vist tydelegare i plankartet kor denne eigedomen skal få sin vegtilkomst.</p>
<p>Sør-aust i planområdet</p> 	<p>Midlertidig rigg og anleggsområde</p> <p>Det midlertidige rigg og anleggsområdet ved brua bør utvidast litt ut i sjø slik at det er plass til å bygge fortau og veganlegg som planlagt.</p>

Oppsummering merknader til utforming av veganlegg:

For å betre trafikktryggleiken langs fylkesveg 568 Sævrøyvegen er det viktig å justere på plassering av busslommer og kryssingspunkt. I tillegg ber vi om at avkøyrsløse i nord får ei anna utforming. For at det skal vere mogeleg å byggje ei god løysing for fortau og veganlegg over brua sør-aust i planområdet rår vi til at det midlertidige rigg og anleggsområdet vert utvida noko ut i sjø.

Kulturminnefagleg

Koleragravstaden Årås (Askeladden ID 248313-0) ligg rett utanfor den søre delen av vegarealet i planområdet, men innanfor planområdet har vi i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune har merknadar til planforslaget på tema ladeløysingar og materialbruk, rettingar i høve busslomme, avkøyrsløse og riggområde, samt merknad om generelle omsyn til kulturminne. Vi ber om at våre merknadar vert teke med i det vidare arbeidet.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagleiar, plan

Alette Hus Kråkenes
Trainee, plan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland

Sakshandsamarar:

Alette Hus Kråkenes	SUD- Plan, klima og folkehelse
Sigrun Wølsted,	KII- Kulturarv
Helene Moe	KII- Kulturarv
Kari Elster Moen	INV- Forvaltning og utgreiing